



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
067/25	Formannskapet	PS	14.05.2025

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingunn Varanes-Meland	PlanID-202304, PlanNavn- Detaljregulering for Burmavegen, PlanType-35, K2- L13	23/1581

Burmavegen - Tolking av vedtak 042/25

Forslag til vedtak

Saka vert tatt til orientering.

Hjelmeland, den 29.04.2025

Janne Johnsen
Kommunedirektør

Formannskapet 067/25

FSK - behandling:

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - vedtak:

Saka vart tatt til orientering.

Samandrag

Formannskapet gjorde i møte 19.03.25 vedtak om å redusere omfang av reguleringsplan for Burmavegen. Det vert no lagt fram sak for å belyse konsekvensane av endringane og korleis

prosessen vert vidare, for å sikre at ein tolkar vedtaket rett før ein set iverk arbeidet med endring av planen. Saka vert lagt fram til orientering.

Fakta

Etter vedtak i Formannskapet i møte 19.03.2025 har kommunedirektøren forsøkt å klargjere konsekvensane av dette vedtaket og kva som må gjerast fram mot vedtak av endeleg plan. For å sikre at ein har tolka Formannskapet sin intensjon korrekt før ein set i verk vidare arbeid med endring av planen vert det lagt fram sak til orientering.

Det er parallelt varsla forlenging av tiltaksforbodet langs Burmavegen. Sak om dette vert lagt fram for areal- og forvaltningsutvalet etter at frist for innspel er ute. Eit tiltaksforbod medfører at dersom det vert søkt om tiltak som kan vere i konflikt med framtidig reguleringsplan, kan kommunen vente med å handsame desse søknadane inntil endeleg plan er vedtatt. Om det openbart ikkje er konflikt mellom framtidig plan og det som vert søkt om, kan kommunen handsame søknaden som vanleg ut frå gjeldande plangrunnlag.

Vedtaket som vart gjort i sak 042/25, 19.03.2025:

FSK - vedtak:

1. Det skal arbeidast vidare med reguleringsplan for Burmavegen der ein tek sikte på utbedring av veg og

løysingar for overvatn og VA fram til Burmavegen 53. For strekninga derifrå og nord til Flåtene planlegg ein for utbetring innanfor eksisterande vegbreidde samt etablering av nødvendige overvassløysingar og nødvendig utbetring av murar knytt til vegen. Planen vert utvida med naudsynt riggområde for oppgradering av murar iht vurdering i notat "Støttekonstruksjoner Burmavegen" (200118-N01-A00).

Lovar, føresegner, rundskriv

Plan- og bygningslova med tilhøyrande føresegner

Økonomiske konsekvensar

Kostnadar ved dei ulike alternativa for utbetring av veg og VA er omtala nærare i FSK sak 042/25. Endring av reguleringsplanen vil medføre ei kostnad i form av tilleggsarbeid for plankonsulent. Det kan tilkomme ytterlegare kostnadar dersom plandokumenta må endrast meir etter ny høyring.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Dette er omtala nærare i FSK sak 042/25

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø


Dette er omtala nærare i FSK sak 042/25

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Situasjonen vil vere uendra i forhold til i dag, men ei framtidig utbygging av Sæbø vil medføre noko trafikkauke på ein skuleveg som allereie har uoversiktlege og smale strekningar. Konsekvensane av dette må ein ev plan for Sæbø bustadfelt belyse nærare, men utfordringane vil ikkje kunne løysast i Sæbø-planen.

Vurdering og konklusjon

FSK avslo forslag om å finne omkøyringsløysing. Det vil sei at ved oppgradering av VA og veg må dette skje ved at vegen vert totalt stengt, då Burmavegen ikkje er breid nok til at ein kan gjennomføre arbeid samtidig som ein har passerande trafikk.




Strekninga frå Spinneriet til Burmavegen 53 (raud strek på kartet ovanfor) vert regulert med vegbreidde 5 meter, slik planforslaget syner, men fortauet vert tatt ut. Det vert lagt inn naudsynt riggområde for utbetring av eksisterande murar samt riggområde som trengs for utbetring av vegen. For same strekning skal VA utbetrast, inkludert kopling mellom Burmavegen og Nordbygda, samt løysing for overvatn.

For strekninga frå Burmavegen 53 til Flåtene (blå strek på kartet ovanfor) skal utbetring skje innanfor dagens vegbreidde. Arealet må likevel planleggast for å sikre areal til overvassløysingar og riggområde for utbetring av eksisterande murar. Det skal ikkje etablerast VA på denne strekninga og vegen vert ikkje utvida.

Desse endringane må innarbeidast i plandokumenta, deretter må oppdatert planforslag leggjast fram for areal- og forvaltningsutvalet før det vert lagt til nytt offentleg ettersyn. Samtidig må ein varsle oppheving av Burmaveg- planen frå 2004, slik at ikkje delar av denne vert liggande att etter vedtak av ny plan. Etter offentleg ettersyn kan ein legge fram planen for sluttbehandling i areal- og forvaltningsutvalet og deretter kommunestyret. Dette føreset at endra plan ikkje møter motsegn frå overordna mynde.

Konsekvensar av endra planforslag

Hjelmeland Panorama og storparten av område for Sæbø - Flåtene vil ikkje kunne realiserast som bustadområde, ettersom rekkefølgekrav for desse planane ikkje vert oppfylt når vegen ikkje vert utbetra. Områda vil fortsatt ligge i kommuneplanen inntil dei eventuelt vert tatt ut ved vedtak av ny arealdel til kommuneplanen. Områda markert med lilla på kartet nedanfor syner byggeområda som ligg i kommuneplanen og er omfatta av rekkefølgekrav knytt til Burmavegen.



For området som inngår i planforslag for Sæbø (blått felt på kart ovanfor) er det i gjeldande kommuneplan opna for inntil 15 nye bustadar før Burmavegen og Vågabrua må oppgraderast. Det er likevel krav om godkjend reguleringsplan før desse 15 einingane kan byggast. Planforslaget som har vore på høyring har rom for 30 bustadar. For å kunne bygge 15 bustadar må det lagast nytt planforslag, som må handsamast på ny i AFU og deretter på ny høyring. Det kan i den samanheng kome innspel/motsegner frå overordna mynde m.a. ifht at ein vil bygge ut utan å etablere fortau.

Dette planforslaget må fortsatt samordnast med kommunen sin plan for å oppnå samanheng i dei tekniske løysingane.